

# KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing etter del I

for anskaffing av

Undersøking av nedlagt fyllplass Moldekleiv

Saksnr 19/414

1	GENERELL SKILDRING .....	3
1.1	Om oppdragsgivar .....	3
1.2	Skildring av oppdragsgivar sine behov .....	3
1.3	Tidsfristar .....	3
1.4	Kontrakt .....	3
1.5	Atterhald .....	3
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN .....	4
2.1	Anskaffingsprosedyre .....	4
2.2	Offentlegheit og teieplikt .....	4
2.3	Vedståingsfrist .....	4
3	KVALIFIKASJONSKRAV .....	4
3.1	Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling .....	4
3.2	Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren .....	5
4	TILDELINGSKRITERIUM .....	5
5	Innlevering av tilbod og tilbodsutforming.....	6
5.1	Innlevering av tilbod .....	6
5.2	Utforminga av tilbodet .....	6
6	Vedlegg.....	6

# 1 GENERELL SKILDRING

## 1.1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Meland kommune. Meland kommune ligg like nord for Bergen, med ei reisetid på knapt ein halvtime frå Bergen sentrum. Kommunen veks hurtig, og har i dag eit folketal på ca. 8000.

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

Namn:	Berit Eskeland
e-post	Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen.

## 1.2 Skildring av oppdragsgivar sine behov

Oppdragsgivar si skildring av leveransen følgjer av vedlegg 3 Kravspesifikasjon.

## 1.3 Tidsfristar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Tilbod vert sendt ut	15.02.2019
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	12.03.2019
Tilbodsfrist	18.03.2019 kl 12.00
Tilbodsopning	18.03.2019 kl 12.00
Evaluering og eventuelle forhandlingar	Veke 12-13
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Veke 13
Karènsperiode	10 dagar
Kontraktsinngåing	Veke 14-15
Vedståingsfrist for tilbodet	18.06.2019
Leveranse	31.10.2019

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 1.4 Kontrakt

NS 8402 vil vere kontraksstandard for leveransen.

## 1.5 Atterhald

Meland kommune tek atterhald om finansiering og politisk godkjenning.

## 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Forhandlingar kan likevel bli gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som føremålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnet med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per e-post til kontaktperson.

### 2.2 Offentlegheit og teieplikt

For å lmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

### 2.3 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er oppgitt i pkt. 1.3 ovanfor.

## 3 KVALIFIKASJONSKRAV

### 3.1 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skatteattest, ikkje eldre enn 6 md.</li></ul>

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak	<ul style="list-style-type: none"><li>• Firmaattest</li></ul>

### 3.2 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere opplysning om verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) av oppdraget. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

## 4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på desse kriteria:

TILDELINGSKRITERIE	DOKUMENTASJON	VEKT %
Totalpris oppdrag	<ul style="list-style-type: none"><li>Utfylt prisskjema, sjå vedlegg 2</li></ul>	50 %
Tilbode personell sin dokumenterte erfaring, referanser og kompetanse	Under dette kriteriet vektleggast: <ul style="list-style-type: none"><li>Relevant kompetanse, referanser og erfaring vil bli vekta på ein skala frå 1-10, der 10 er høgast.</li></ul> Dokumentasjon: <ul style="list-style-type: none"><li>CV for tilbode medarbeidare jf. opplisting i pkt. 2 i prisskjema. CV-en skal innehalde opplysningar om utdanning og tidlegare utførte oppdrag (oppdragsgjevar, storleik, og type/art og medarbeideren sin rolle i prosjektet).</li></ul>	30 %
Gjennomføringsplan og oppgåveforståing	Tilbyder skal utarbeide ein overordna gjennomføringsplan for oppdraget. Det er ønskjeleg at tilbyder skildrar korleis oppdraget er tenkt gjennomført. Tidsberekning skal ta utgangspunkt i estimert veke for kontraktssignering Dokumentasjon: <ul style="list-style-type: none"><li>Gjennomføringsplan</li></ul>	20 %

## 5 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING

### 5.1 *Innlevering av tilbud*

Tilbudet skal leverast på Meland kommune sin elektroniske anbodsløysning iBinder på følgjande lenke: <https://www.ibinder.com/External/EnquiryLink.aspx?id=hgnznzjwa>

### 5.2 *Utforminga av tilbudet*

Tilbudet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrief. (Vedlegg 1)
- Skatteattest
- Firmaattest
- Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra.
- Utfylt prisskjema (Vedlegg 2)
- CV'er på tilbode personell
- Gjennomføringsplan

## 6 Vedlegg

- Vedlegg 1: Tilbodsbrief
- Vedlegg 2: Prisskjema
- Vedlegg 3: Kravspesifikasjon
- Vedlegg 4: Varsel om pålegg frå fylkesmannen